

OLAV HARALDSSON

(alias OLAV DEN HEILAGE og OLAV DIGRE).

FORHISTORIE

I året 1014 kalla Knut den mektige av Danmark, Svein Tjugeskjegg sin son, den akta krigar Eirik jarl (Ladejarl) til seg for å ha han med i det siste og avgjerande danske angrepet på England. Eirik tok stor del i kampane og blei etter seiaren Knut sin jarl i Northumberland. I tida like før Eirik kom til England frå Noreg, hadde ein annan høgboren norsk høvding kjempa der, først i danehæren, sidan i engelsk teneste. Det var Olav Haraldsson. Far hans, Harald Grenske, hadde vore dansk underkonge i Vestfold. Han blei kalla «sønnesønns sønn til Harald Hårfagre». Mora, Åsta, var dotter av ein opplandsk stormann, Gudbrand Kula. Åsta blei etter Olavs fødsel gift andre gong med Sigurd Syr, og hos han voks Olav opp.

Men Olav drog tidleg i viking og vann både rikdom, krigsrøynsle og innsikt i vesteuropeisk riksstyring. I England var han i fleire år, men då danehæren under kong Svein (Tjugeskjegg) fekk overtaket i 1013, drog Olav på herjingsferd til Spania og sidan til Frankrike. Legenda om han fortel at han let seg døype i Rouen av den normanniske erkebispem. Men Frankrike var ikkje nokon verande stad for ein vikinghøvding, og då kong Knut etter sin fars død kom til England med ny danehær og Eirik Ladejarl som ein av sine svorne menn, kunne Olav heller ikkje vente å vere velkomen dit. Men no når den mektigaste av dei norske jarlane var reist heimafrå med hæren sin, kom Olav Haraldsson på at han kanskje kunne vinne kongedømmet i ættelandet sitt.

Noreg var på denne tida under dansk herredømme og styrt av Knut den mektige. Han hadde eidsvorne norske jarlar som i praksis styrte landet for han.

OLAV HARALDSSON BLIR KONGE I NOREG

H austen 1015 stemna Olav mot Noreg med 2 handelsskip og 120 menn. Ombord hadde han gods og gull nok til å mangedoble sin hærstyrke. Olav hadde til mål å reise direkte til Viken (no: Oslo) og Opplandene og få støtte der til å vinne Vestlandet og Trøndelag. Men stormen dreiv han så langt nord at han først fekk landkjenning ved Selje i Nordfjord. På veg sørover att var han så heldig å kome overraskande på Eirik jarl sin son, Håkon, som var ute med berre eitt skip. Håkon blei fanga, men fekk grid mot løfte om å reise frå Noreg og aldri kjempe mot Olav. Håkon reiste til far sin i England og gjekk som han i kong Knut si teneste.

Det vellykka kuppet freista Olav til å prøve ei liknande overrumpling i Trøndelag, så han stemna nordover att. Men Svein jarl sin måg Einar Tambaskjelve fekk reie på ferda hans, og Olav måtte flykte for Einar og Svein sin overlegne styrke. Han drog i all hast sørover langs kysten og kom seinhaustes til Opplandene (no: Gudbrandsdalen, Hedmark m/omland). Der fekk han god støtte av sitt ættefolk og innan vinteren sette inn hadde han erobra heile Opplandene.

Vinteren 1015-16 vart det rusta både i Trøndelag og på Opplandene. Tidleg på året stemna Einar Tambaskjelve og Svein jarl sørover, medan Olav og hans opplendingar fekk skip i Viken. Palmesundag (31.mars) 1016 støyte flåtane saman ved Nesjar nær grensa mellom

Vestfold og Grenland. Overmakta var på Olav si side, og etter ein hard kamp måtte trønderane vike. Jarlen døydde kort etter og Einar rømde til Sverige, der Olov Skotkonge tok vel imot han. Etter seiaren kunne Olav Haraldsson la seg hylle til konge på tinga vestafjells og nordafjells.

Stillinga hans var no så sterk at ingen innanlandsk høvding på eiga hand hadde lyst til å gjere motstand mot han. Men med den mektigaste mann på Vestlandet, Erling Skjalgsson, hadde Olav eit møte på Kvittingsøy yttarst i Boknafjorden. Det enda med at Erling blei kong Olavs «lendmann», dvs. han fekk noko av det kongelege «land» eller jordgods i sitt distrikt med den «landskyld» og i det heile dei ytingar frå bøndene, dei «veitsler», som følgde med. Men dette hadde Erling i høg grad hatt før også, og forliket med Olav Haraldsson var nok helst ei innskrenking av hans innkomstar og mynde på kongens vægne.

Som motvekt mot Erling gjorde Olav seinare Aslak av Finnøy i Boknafjorden og Erlend frå Gjerde i Sunnhordland til sine lendmenn, og ein annan Aslak, som var ein yngre frende til Erling, fekk kongsgarden Fitjar med veitsler der omkring. På Avaldsnes sette Olav ein personleg undergiven mann, Tore Sel, til gardsstyrar eller årman. Men Erling si private maktstilling var likevel så sterk at han ved gitt høve kunne trosse kongen.

På Møre som hadde høyrte til Ladejarlane sitt område, fekk Olav tilslutning frå ei ætt som først no trådte fram i første rekke. Det var Arnmødlingane frå Giske. Dei yngre sønene til Arne Arnmodsson blei kongens lendmenn; Finn Arneson fekk veitsler i Ut-Trøndelag med Austrått til residens, og Kalv blei sett på den inntrøndske høvdingsgarden Egge, som før hadde vore i Ladeætta si eige. Ein storgard ikkje langt unna, Sakshaug i Inderøy, som var gamalt bygdesentrum, ga Olav til Torgeir frå Kvistad, og både han og andre trønderske storbønder blir nemnt som kongens lendmenn.

Einar Tambaskjelve, som etter Olov Skotkonge sin død vende heim til Noreg, forsona seg med Olav Haraldsson og fekk behalde sine eige dommar, men fekk ingen politisk innflyting. Utan å bryte med Olav trådte han i samband med Håkon Eiriksson og kong Knut i England.

Dei mektige høvdingane på Hålogaland var Tore Hund på Bjarkøy og Hårek på Tjøtta. Dei blei liksom Erling Skjalgsson kong Olav sine lendmenn, men ikkje hans venner. Olav sin verkelege tillitsmann mellom Namdal og Lofoten blei den rike og framadstrebande bonden Åmund Grankjelsson.

SLUTTEN PÅ VIKINGTIDA

Olav følgde same prinsippa overalt i landet. På beskostning av dei store høvdingane som sat med fyrsteleg herredømme over vide område, trakk han fram gjeve bønder og yngre høvdingssøner, som først gjennom han blei politiske maktfaktorar. Vikingtida var no slutt. Olav Haraldsson hadde sjølv vore ein av dei siste norske vikinghøvdingane, og han hadde berre kunne vinne rikdom og makt på det ved å underordne seg danske eller engelske rikskongar. Vikingferdene var avløyst av krig mellom organiserte statar. Samstundes la gryande russiske statsdanning hindringar for den fjernhandelen svenske kjøpmenn hadde opna mellom kalifatet i Bagdad og Vest-Europa over dei russiske elvane og nordiske farvatna, med sal av pelsverk og slavar mot sølv og andre kostbare ting. I tillegg var frisarane (handelsmenn rundt munningen av Rhinen (nederlendarar)) si stilling som mellommenn mellom Norden og det lengre kome Vest-Europa i løpet av 10.århundre blitt avgjerande svekt, ikkje minst ved vikingane si eiga framferd. På alle hald tørka kjeldene inn for den rikdom som gjennom to hundre år hadde strøyma inn over Norden utanfrå. I

stigande utstrekning måtte samfunnsmessig makt her heime byggje på herredømet over landet sin eiga jord. Ein følgje av desse nye tilhøva var at dei gode jordbruksdistrikta trengte seg fram i norsk riksinteresse; alt i slutten av 10.århundre hadde Trøndelag avløyst Vestlandet som det sentrale landskapet, og Opplandene, som før hadde ligge heilt utanfor, blei under Olav Haraldsson ein del av riket.

Ein annan følgje av den samfunnsmessige forskyvinga var at dess mindre det blei av handel og herjingar over havet, dess vanskelegare hadde dei gamle høvdingane, hersearistokratiet, for å halde sin stilling, og dess meir rykka bondesamfunnet med sitt aristokrati opp mot dei i verdi. Og samstundes som høvdingane sine krigarfølge svann inn, kom eit anna grunnlag i framgrunnen; den samfunnsmessige tilslutning. Når det gjaldt den, sto bondearistokratiet sterkare enn hersearistokratiet. Deira representantar blei enno av bøndene rekna for dei første blant likemenn. Dei hadde tillit i bygdelivet og naturleg førarskap på tinget. Dei gamle høvdingættene derimot, som i århundre hadde bære retten i sverdodden, må vi gå ut frå stod i eit svært laust forhold til tingordninga og bygdeorganisasjonen i det heile.

Kongen si stilling under dei nye maktvilkåra var på den eine sida bestemt av at han etter eit århundrede erobringskampar innanlands sat med ei mengde jordgods rundt om i bygdene. Med det kunne han løne sine tillitsmenn blant bøndene nettopp på den måten som høvde best for dei. Også for yngre medlemmar av høvdingættene, som ikkje lenger kunne underhalde seg ved å dra i viking, blei stillinga som kongens lendmenn ei freistande sjanse. Den andre sida av forholdet var bondesamfunnets gamle behov for kongen som vernar av landefred og eigendomssikkerheit. Ved kongedømet si tilknytning til bygdearistokratiet blei det aktuelt som aldri før. Olav Haraldsson kom til å virke meir for lov og rett enn nokon tidlegare konge i Noreg. Han lemlesta og drap folk som voldt herjingsverk, ran og tjuveri. Berre ein ting kan i visse strøk av landet ha vanskeleggjort Olav sitt forhold til bondesamfunnet. Men det var også ein svært alvorleg ting; kongens kristningsverk.

KRISTNINGA

Olav Haraldsson var utvilsamt personleg grepen av den nye religionen han hadde lært å kjenne i Vest-Europa, og han gjorde for alltid ende på openlys heidensk kultus i den del av Noreg som hadde samband med hav og fjord. Han la saman med sin hirdbiskop, Grimkel, grunnen til ein norsk kyrkjeorganisasjon. Grimkel og dei andre geistlege Olav hadde med seg, stamma sannsynleg frå England. Noko organisatorisk samkvem med den angelsaksiske kyrkja kunne Olav likevel ikkje innlate seg på når Knut den mektige var konge i England. Han sende derfor Grimkel til Bremen og oppnådde å få si kyrkje, liksom den danske og svenske, stilt under erkebiskopen der. Olav Trygvason hadde tidlegare freista innføre kristendommen til Noreg, men den hadde ikkje slått rot over alt. Dette fekk Olav Haraldson merke. Særleg i Opplandene og i Trøndelag var det motstand mot den nye religion. Olav Haraldson for hardt fram mot dei som ikkje ville ta mot den nye tru. Jordgods vart brent til grunne for å tvinge bønder til å ta mot kristendommen. Dette gav Olav mange fiendar.

UTANRIKSPOLITIKK

Olav sin utanrikspolitikk teikna til å byrje med ganske lyst. Han blei godkjent som herre over Vesthavsøyane. I aust la han under seg Ranrike; to høvdingar som rådde der på sveakongens vægne, blei slått og bonden Brynjulv Ulvalde gjort til norsk lendmann. Det trakk opp til krig med Olov Skotkonge, og Olav bygde festninga Borg ved

Sarpsborg til vern mot sveane. Ein del sendeferder kongane imellom førte likevel til forlik; det blei stadfest ved at den norske Olav gifte seg med, Åstrid, dottera til svenske kongen. Men bakgrunnen for forliket låg i trugselen for krig med England. Knut den mektige, som no kjende seg sikker i sitt engelske rike, gjorde krav på både Noreg og Sverige. Då den gamle sveakongen kort etter dødde, gjekk sonen hans Ånund saman med Olav Haraldsson til angrep på Danmark. Det mislykkast, men Knut kom likevel over havet med ein flåte og møtte i 1026 Ånund og Olav ved Helgå i Skåne. Om utfallet av slaget er det motstridande opplysningar, men resultatet blei iallfall at Knut slutta fred med sveakongen og vendte tilbake til England. For Olav tydde det berre ei utsetjing. For Knut var fast bestemt på å ta Noreg; både som arv etter sin far og som ledd i sitt Nordsjøvelde. Knut sine planar vart snart kjent over heile Noreg. Det sørjde han sjølv for ved å sende rundt folk med gåver og vennskapstilbod. Dei best orienterte nordmenn rekna sikkert Knut sin siger som opplagt, og fråfallet frå Olav blei stort. Høvdingane håpa ved si tilslutning til Knut å kunne vinne tilbake den fridom som Olav hadde tatt frå dei. Hårek frå Tjøtta gjekk over til Knut alt på heimvegen frå Helgåsletet, og året etter for Tore Hund og eit par av sønene på Sola til England. Einar Tambaskjelve hadde også knytt vennskap til Knut. Olav Haraldsson sette att skipa sine i Sverige, og drog til fots til Noreg gjennom Sverige. Han kom til Sarpsborg og tok vinteropplag der.

KNUT DEN MEKTIGE TEK MAKTA I NOREG

Erling Skjalgsson og alle sønene hans hadde om sommaren vore i hæren til Knut og i følgje med Håkon jarl. Om hausten reiste Erling tilbake til Noreg. Knut den mektige samla hæren sin og sigla til Limfjorden i Danmark, vidare derifrå til Agder. Der kalla han hop til ting. Kong Knut blei tatt til konge, og han sette menn i sysela og tok gislar av bøndene. Ingen talte mot han. Kong Olav var no i Tønsberg, og hæren til Knut sigla vidare nordover. I Eigersund kom Erling Skjalgsson til han med mange menn, og dei knytte på nytt venskapsband. Erling vart sett til å råde for alt land mellom Stad og Rygjarbit (Gjernestangen). Kong Knut for vidare og stoppa ikkje før han var komen til Nidaros. Der kalla han saman til ting frå 8 fylke i Trondheimen, og på dette tinget vart kong Knut tatt til konge over heile Noreg. Tore Hund og Hårek frå Tjøtta blei kongens lendmenn. Alle lendmenn som ville vende seg til kong Knut fekk rikeleg både med landinntekter og lausøyre. Han lot alle få større makt enn dei hadde hatt før. På eit nytt ting sette kong Knut sin frende Håkon jarl til å styre over alt land han hadde lagt under seg i Noreg. Kong Knut tok gissel av alle lendmenn og storbønder. Han tok sønene deira, brørne eller andre nære frendar, eller dei menn dei likte best og som han syntest eigna seg som gissel. På dette viset festa han mennene sin truskap til seg.

Så snart Håkon jarl hadde overteke riket i Noreg, slo Einar Tambaskjelve, mågen hans, seg i lag med han. Han tok imot alle dei landinntektene han før hadde hatt, den gongen jarlen rådde for landet. Kong Knut gav Einar store gåver og bant han til seg i nært venskap. Han lova at så lenge han rådde i landet, skulle Einar vere den største og gjævaste av alle som ikkje var av kongs- eller jarlætt i Noreg.

OLAV HARALDSSON KJEM TIL SUNNMØRE OG VALLDAL

Olav Haraldsson sende menn tilbake til Sverige for å hente skipa sine. Dei tok dei som var brukande og brende resten. Olav helt seg skjult i indre del av Drammensfjorden til Knut den mektige hadde reist frå Noreg. Med den vesle hæren han no rådde over hadde han ingen moglegheit til å ta kampen opp mot hæren til Knut. Men seinhausten 1027 la Olav frå Viken med få og små skip. Han ville til Trøndelag, landets

hjarte. Ved Boknaøya møtte han Erling Skjalgsson, som var ute med færre folk. Det blei kamp. Erling sine menn fall rundt han og til slutt stod han åleine att. Kongen baud han grid, men kunne ikkje la vere å merke han openlyst på kinnet med øksespissen som kongssvikar. Då sprang Aslak Fitjarskalle fram og hogg Erling ned. Då sa kong Olav til Aslak: «Gid du måtte få ei ulykke for hogget ditt. No hogg du Noreg av min hand.» Aslak sa: «Ille er det då, konge, viss du får skade av hogget. Eg syntest eg no heller hogg Noreg i di hand. Men viss eg har eg har gjort deg skade, konge, og du gir meg uttak for dette verket, då vil ikkje eg ha noko nytte av det. For eg vil få så mange menns utakk og fiendskap for dette verket at eg snarare kunne trenge Dykkar støtte og venskap.»

Drapet på Erling frettet raskt, og denne ugjerninga vart tatt ille opp. Sønene til Erling fekk samla saman ein hæren og drog etter Olav. Kong Olav sigla til han kom nord for Stad og la til ved Herøyane. Der fekk han vite at Håkon jarl hadde ein stor hær i Trondheim. Kongen søkte råd hos mennene sine. Kalv Arnesson egga sterkt til å reise til Trondheim og kjempe mot Håkon jarl, sjølv om overmakta var stor. Dette rådet støtta mange, men nokre frårådde det. Det heile blei overlate til kongen å avgjere. Kongen sigla vidare til Steinavåg, og låg der med 12 skip om natta. Der vart Aslak Fitjarskalle overfalle og drepen av Vigleik Arnesson som ville hemne drapet på Erling Skjalgsson. Håkon jarl sin hær var no komen langt syd, og Olav vart tvungen til å ta inn Storfjorden for å unngå møtet med jarlen sin hær. Då skilte enkelte lag med han. Kalv Arnesson og mange andre lendmenn og styrmenn på skipa drog frå han og sigla jarlen i møte. Men kong Olav fortsette og stansa ikkje før han kom inn i Tafjorden og la til i Valldal og gjekk i land der.

OLAV HARALDSSON I VALLDAL (ETTER SNORRE BIND II).

Han hadde fem skip, og sette dei opp på land og let segl og reiskap bli teke vare på. Så sette han opp landtjeldet sitt på ei øyr som heiter Sylte, og der er det vakre vollar. Han reiste eit kors der på øyra. Ein bonde budde på Muri. Han heitte Bruse og var høvding over dalen. Bruse og mange andre bønder kom ned til kongen og helste han venleg som det sømde seg. Kongen blei blid over venskapen deira. Då spurde kongen om det var mogeleg å dra der frå dalen og opp i landet til Lesja. Bruse sa at det var ei ur i dalen som heitte Skjærsur: «og der kan verken folk eller hestar kome fram». Kong Olav svara: «Det frå vi nå våge, bonde. Det går som Gud vil. Kom her i morgon med hestane Dykkar og med Dykk sjølv, og la oss sidan sjå korleis det er når vi kjem til ura, om vi kan finne på noko knep til å kome over med hestar eller menn.»

Då det blei dag, kom bøndene ned med hestane sine, slik kongen hadde sagt til dei. Dei flytta då eigendelane og kleda sine med hestane, men heile hæren og kongen sjølv gjekk. Han kom då dit det heiter Krossbrekke, og kvilte seg då han kom opp bakken. Han sat der ei stund og såg ned i fjorden og sa: «Ei strevsam ferd har dei gitt meg, lendmennene mine, som no har stifta sin truskap, dei som nyleg var mine vener og tillitsmenn.» Det står no to kors i bakken der kongen sat.

Kongen steig då opp på ein hest og reid etter dalen og stansa ikkje før dei kom til ura. Då spurde kongen Bruse om det var ei eller anna seter der som dei kunne bu på. Han sa at det var det. Kongen sette opp landtjeldet sitt og var i det om natta. Om morgonen bad kongen folk fare til ura og prøve om dei kunne kome over den med vognene. Dei la i veg, men kongen sat heime i landtjeldet. Mot kveld kom dei tilbake, kongens hirdmenn og bøndene, og sa at dei hadde hatt mykje strev, men at dei ikkje hadde kome nokon veg. Dei seier at det aldri vil bli ført eller laga nokon veg over der. Dei var der ein natt til, og kongen var i bøn heile natta. Så

snart kongen såg at det var blitt dag, bad han mennene sine endå ein gong fare til ura og endå ein gong prøve om dei kunne kome over med vogner.

Dei drog motviljuge av stad og sa at det ikkje ville nytte. Då dei hadde dratt bort, kom mannen som stod for kosten og sa at det ikkje var meir mat enn kjøtet av to slaktekveg: «Men du har 400 av dine menn og 100 bønder her.» Då sa kongen at han skulle late opp alle kjelane og sleppe litt av kjøtet opp i kvar kjele. Så blei gjort. Kongen gjekk bort og gjorde korsmerke over og bad dei gjere maten klar. Deretter drog kongen til Skjærsurda, der dei skulle rydde vegen. Då kongen kom dit, sat dei alle og var blitt trøytt av arbeidet. Då sa Bruse: «Eg sa til Dykk, konge, men De ville ikkje tru meg, at denne ura ikkje var til å kome over.» Så la kongen av seg kappa, og sa at dei alle skulle kome til og prøve endå ein gong. Så blei gjort. Og no førte 20 menn så mykje stein som 100 før ikkje på noko vis hadde kunne rikke på, og vegen var rydda til middag, så at den var farbar for både menn og hestar med kløv, like god som på slette vollen.

Sidan drog kongen ned att dit maten var, og der det no heiter Olavshelleren. Det er også ei kjelde like ved helleren, og i den vaska kongen seg. Viss feet til folket der i dalen blir sjukt og drikk av dette vatnet, blir det friskt.

Så gjekk kongen og alle dei andre til måltidet, og då kongen var mett spurde han om det var noko seter i dalen ovanfor urda og nær fjellet som dei kunne bu i om natta. Bruse seier: «Det er ei seter der som heiter Grønningene, men der kan ingen vere om nettene på grunn av herjing av troll og vonde vettter som er der ved setra.» Sidan sa kongen at dei skulle gjere seg klare og at han om natta ville vere på setra. Då kom også mannen som stod for kosten til han og sa at det var fullt opp av mat: «og eg veit ikkje kvar den er kome frå.» Kongen takka Gud for sendinga hans og lot lage bører av mat til dei bøndene som drog ned i dalen att. Han var på setra om natta. Men ved midnatt, då folk låg og sov, hørdest eit fælt skrik utanfor stølen, og det ropte: «Slik brenner kong Olavs bønnen meg, at eg ikkje kan vere i min heim. Eg må no flytte og kjem aldri meir til denne stølen.»

Om morgonen, då folk vakna, drog kongen opp i fjellet, men sa først til Bruse: «Her skal Dykk la byggje ein gard, og den bonden som bur her vil alltid ha framgang, og aldri skal kornet fryse her, sjølv om det frys både ovanfor og nedanfor garden.»

Deretter drog kong Olav over fjellet og kom fram til Einbu og var der om natta. Olav hadde då vore konge i Noreg i 15 vintrar, medrekna den vinteren då han og Svein jarl begge var i landet, og den vinteren som det no ei stund er blitt fortalt om. Det var alt over jul då han sette att skipa sine og gjekk opp på land, slik som no er fortalt. Etter at kong Olav hadde vore natta over i Lesja, drog han med mennene sine dag etter dag, først til Gudbrandsdalen og deretter til Hedmark. Han førte sin vesle flokk med trufaste vidare gjennom Sverige og heilt aust til sin måg kong Jaroslav i Gardarike.

SLAGET PÅ STIKLESTAD

Kalv Arnesson var med Håkon jarl til Trondheim, og jarlen bad han til seg og ville at han skulle bli hans handgangne mann. Mot løfte om store landinntekter tok Kalv i mot tilbodet. Håkon jarl reiste på sommaren over til kong Knut, men på vegen tilbake forliste skipet og Håkon drukna. Kalv Arneson reiste straks over til England for å søkje godkjenning som Håkon sin etterkomar. Han blei kong Knut sin lendmann, men kort tid etter sende Knut sin engelske frille Alfiva med deira son Svein til Noreg. Men dei framande riksstyrarane var ikkje komne lenger enn til Viken, då Olav Haraldsson frå aust braut inn i Trøndelag. Det fattige lyspunktet at den siste Ladejarlen var død, hadde

vore nok til å stå sette Olav til kamp for sin rett.

Våren 1030 drog ham ned sin hird frå Gardariket til Sverige. Kan hende hadde han håpa å få sveakongen med seg. Men så lita makt som Olav no representerte, vågde ikkje Ånund å ta risikoen ved fredsbrot med Knut. Det var derfor svært lita hjelp han gav han. Frå Noreg kom det til nokre hundre menn under hans halvbror Harald Sigurdsson, og eit par andre opplandshøvdingar. Men elles måtte han skaffe seg folk på si ferd nordover gjennom Sverige og Jemtland, og han gjorde det på den einaste måten han var i stand til; ved å lokke med motstandarens gods og gardar. Olav ville vinne att sitt rettmessige kongedømme i Noreg, sjølv om han skulle vende tilbake dit som røvarhøvdingen.

Då bøndene i Inn-Trøndelag fekk høyre om Olavs ferd, gjekk dei mann av huse til vern om liv og eigendom. Kalv Arneson og dei andre lendmennene i distriktet stilte seg i spissen for dei. Dei hadde svike Olav før for Knut sin overmakt skuld, og det gav ein grunn meir til å gjere det no; dei kjente sin gamle konge godt nok til å vite at han aldri ville tilgi dei. Nordfrå var Olav sine uvennar Tore Hund og Hårek av Tjøtta komne, og eit par vestlandske lendmenn var også møtt fram. Dei skulle vel vise sin iver for Knut si sak. Men bønder var det ikkje så langt borte frå , ikkje eingong frå Ut-Trøndelag. Og den varsame politikar Einar Tambaskjelve unngjekk å møte kong Olav. Han var like i førevegen reist til England. 29.juli 1030 nådde Olav fram til Stiklestad nedst i Verdalen og møtte der bondehæren. Den var dobbelt så stor som hans eigen.

Kongen delte folka sine i to flokkar etter den tru dei hadde. Dei kristne stilte han på si høgre side. Men hærropet var felles for alle kongsmennene: «Knyjum, knyjum, konungs lidar, hardla, hardla boanda menn !» (Slå, slå, kongens følgje, hardt, hardt, bøndenes menn !) Og Olav sine krigarar slo hardt. Det gjekk lenge fråsegn om den djervskap dei viste, med kongen sjølv i spissen. Men bondehæren sto ikkje mindre hardt imot; ein hadde aldri før sett bønder kjempe slik. Det blei snart tynt om Olavs merke. Den ovdjerve Tore Hund gav kongen det første såret; to hogg til ende hans liv. Berre få av Olavs menn , blant dei Harald Sigurdsson, slapp levande frå slaget.

OLAV BLIR HEILAG

Kampen mellom bøndene og bondekongen hadde ikkje noko av vikingtida si stridsglede over seg. Kampf forholdet var unaturleg; vel kunne mange inntrøndarar ha noko å hemne på misjonskongen, men elles var begge partar i ein naudsituasjon, som i siste instans skuldast kong Knuts maktstilling i Noreg. Men nettopp no byrja ein av føresetnadene for denne maktstillinga å vakle; den friviljuge tilslutning frå det norske herserarikatiet.

Knut den mektige sette sin eigen son, Svein, som underkonge og ein engelsk formyndar, Alfiva til å styret landet for seg. Det var ikkje etter høvdingane sitt ønskje. Og då Alfiva og Svein kom i funksjon, førte dei til og med eit meir eigenmektig styre enn nokon tidlegare hadde gjort i Noreg, og la harde og uvante tyngsler både på høg og lav. Dette gjev bakgrunn for den omvurderinga av Olav Haraldsson som gjekk føre seg i Noreg og spesielt i Trøndelag etter hans død. No kom hans uforsonlege trass mot Knut i eit sympatisk lys, no fann bøndene at hans styresett likevel hadde vore det beste. Men berre den gjærande overgang samfunn og tru var i, kan forklare det veldige skifte og dei ytterleggående resultat det førte til.

Gamle heidenske forestillingar om gudekongen smelta saman med Olav sin eigen religion, og strøminga blei grepe og leda både av kyrkja sine menn, med Grimkel i spissen, og av

verdslege høvdingar som hadde stått den levande Olav imot.

Under etter under skjedde; på Stiklestad blei sola borte frå skyfri himmel midt på dagen, og etter Olavs død blei landet slått med misvekst og naud; kongens blod lægja drapsmannen Tore Hunds sår, og hans eige lekam var like friskt og heilt då det nærare eitt år etter slaget blei grave opp av den uvigde jord det hadde ligge i.

3.august 1031 dømde biskop Grimkel Olav for ein sannheilag mann og lot hans lik leggje i skrin på høgaltaret i Klemenskyrkja i Nidaros. Olav sin heilagdom blei ikkje berre ein mektig støtte for den kristne kyrkja i Noreg. Den blei det også for det norske kongedømmet. Alt to år etter Olav sin død har vi vitnesbyrd om trua på han som riket sin himmelske herre. Året etter slaget på Stiklestad går den forsiktige politikaren Einar Tambaskjelve opent inn for Olav Haraldsson «hellighet». I 1032 opptretr han direkte mot Svein og Alfiva på tinget mellom bøndene.

MAGNUS OLAVSSON BLIR KONGE

Fire år etter Olavs fall reiser Einar og Kalv Arneson, føraren for bondehæren på Stiklestad, med eit stort følgje av trønderar aust til Gardarike. Sommaren 1035 vender dei tilbake med Olavs elleveårige son Magnus. Dei hadde sikra seg svensk hærhjelp på vegen, men får ikkje bruk for den. Alfiva og Svein flyktar utan sverdslag, og Magnus Olavsson blir hylla som Noreg sin konge.

Kjelder:

- Holmsen, Andreas: Norges historie. Frå de eldste tider til 1660. Universitetsforlaget.
Sturlason, Snorre: Snorre. Bind II